

Bacheloroppgåve

Kjønnsidentitet i barnehagen

Korleis kan foreldres haldningar påverke
barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet?

Sunniva Kolstad

Barnehagelærarutdanning
2022



HØGSKULEN
I VOLDA

Forord

Å skrive ei bacheloroppgåve er noko eg lenge har sett på med skrekkblanda fryd. Heilt frå eg starta på barnehagelærarstudiet har eg kun sett fram til å ha eit ferdig, og innlevert produkt. I denne prosessen har eg verkeleg kosa meg og lært mykje, både om meg sjølv og om temaet eg har forska på. Eg er glad for at eg valte eit tema eg brenn så mykje for, men som eg samstundes sakna meir kunnskap om. Gjennom heile prosessen har eg hatt stor hjelp av min rettleiar, både for å sjå teksta med eit anna blikk, for motivasjon og klare å sjå for meg vegen vidare når eg har stått fast. Tusen takk for all hjelp. Eg vil også rette ein stor takk til familien min for all hjelp, og spesielt sonen min som er ein stor motivasjon og inspirasjon i alt eg gjer.

Samandrag

I denne oppgåva har eg gjeve svar på følgjande problemstilling: *Korleis kan foreldres haldningar påverke barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet?* For å gi svar problemstillinga, har eg gjennomført dokumentanalyse av tre dokument, to norske studiar og ein svensk studie. Deretter har eg presentert funn, og drøfta funna med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget mitt. Funna eg gjorde var i all hovudsak at informantane i dei norske studiane skildra eit meir utfordrande foreldresamarbeid med meir motstand frå foreldra, enn informantane i den svenska studien. Dette funnet tek eg med meg vidare inn i drøftinga. I drøftingsdelen drøftar eg rundt temaa foreldresamarbeid, ulike diskursar knytt til kjønnsidentitet og foreldra sine haldningar som fremjande eller hemmande for barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet. Til slutt oppsummerer eg, og kjem med ein konklusjon med svar på problemstillinga mi.

Emneord: Kjønnsidentitet, kjønn, kjønnsmangfold, foreldresamarbeid.

Innhaldsliste

1. Innleiing.....	1
1.1 Val av tema.....	1
1.2 Problemstilling.....	2
1.3 Omgrepssavklaring.....	2
1.4 Avgrensing.....	2
1.5 Oppbygging av oppgåva.....	3
2. Kunnskapsgrunnlag.....	4
2.1 Kjønn og kjønnsidentitet.....	4
2.1.1 Kjønn.....	4
2.1.2 Utvikling av kjønnsidentitet.....	5
2.1.3 Kjønnsmangfold.....	6
2.1.4 Kjønnsdiskursar.....	6
2.2 Barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet.....	7
2.3 Foreldresamarbeid – utfordringar og moglegheiter.....	8
2.3.1 Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell.....	10
2.3.2 Transaksjonsmodellen.....	10
2.4 Aktuell forsking.....	10
3. Metode.....	12
3.1 Val av metode.....	12
3.2 Dokumentanalyse som metode.....	12
3.3 Val av dokument.....	13
3.4 Metodiske og etiske refleksjonar.....	15
3.5 Dokumentanalyse.....	16
3.6 Presentasjon av dokument.....	16
3.6.1 Dokument 1: Seksualitet og kjønnsidentitet i barnehagen: hva fremmer og hemmer institusjoners praksis, i lys av nasjonale føringer?.....	17
3.6.2 Dokument 2: Kjønnsdiskurser i barnehagen. En kvalitativ studie om hvordan barnehagelærerens perspektiver på kjønnsroller påvirker arbeidet rundt likestilling i barnehagen.....	17
3.6.3 Dokument 3: Preschool Work Teams' View of Ways of Working with Gender —Parents' Involvement.....	18
4. Presentasjon av funn.....	19

4.1 Dokument 1: Seksualitet og kjønnsidentitet i barnehagen: hva fremmer og hemmer institusjoners praksis, i lys av nasjonale føringer?.....	19
4.2 Dokument 2: Kjønnsdiskurser i barnehagen. En kvalitativ studie om hvordan barnehagelærerens perspektiver på kjønnsroller påvirker arbeidet rundt likestilling i barnehagen.....	21
4.3 Dokument 3: Preschool Work Teams' View of Ways of Working with Gender —Parents' Involvement.....	24
4.4 Oppsummering av funn.....	26
5. Drøfting.....	29
5.1 Betydninga av eit godt foreldresamarbeid.....	29
5.2 Personalalets tilnærmingar i foreldresamarbeidet.....	30
5.3 Diskursar på kollisjonskurs?.....	31
5.4 Foreldra sine haldningar som fremjande eller hemmande for barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet.....	33
6. Oppsummering og konklusjon.....	35
Litteraturliste	
Vedlegg 1: Dokumentanalysetabell	
Vedlegg 2: Dokumentanalysetabell, første utkast	

1. Innleiing

Foreldreoppropet for 2022 har ein klar bodskap til rektarar, barnehagestyrar og politikarar i Noreg: *Vern våre barn og barnebarn mot kjønnsforvirrande undervisning i barnehager og skuler*. Bodskapen i oppropet er tufta på ideen om at det i naturen kun er to biologiske kjønn, og desse kan ikkje endrast. Undervisinga skal vere fundamentert på vitskap, og ikkje ideologi er ordlyden. Det er eit ønskje om at organisasjonar med undervisningsmateriell som formidlar kjønnsideologi med uvitskaplege og ikkje-biologiske påstandar om kjønn ikkje skal nyttast. Barn skal ikkje undervisast i det oppropet skildrar som “*uhaldbare*” og “*forvirrande*” teoriar om kjønns mangfald der “du kan velje kva kjønn du vil ha” og “født i feil kropp”. Det kjem også ei oppmoding om at det skal vere eigne garderobar, dusjar og toalett for jenter, og eigne for gutter - på grunnlag av biologisk kjønn (foreldreopprop2022.no).

Barnehagepersonale blir pålagt å følgje ulike styringsdokument, deriblant rammeplanen. I *Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver* står det at barnehagen skal fremje mangfold og gjensidig respekt, og at barna skal få oppleve at det finnast mange måtar å tenke, handle og leve på (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).

Eg har heile tida engasjert meg for barnets rett til å bli kjent med sin kjønnsidentitet, utan at det skal bli lagt store føringar frå vaksne om kva som forventast av det.

Foreldreopprøret 2022 understrekte nok ein gong kor viktig det er å undersøke nettopp det eg skal gjere i denne bacheloroppgåva.

1.1 Val av tema

Tema for mi bacheloroppgåve er barnehagens arbeid rundt kjønnsidentitet, med fokus på foreldresamarbeidet. Eg har valt dette temaet fordi det er svært dagsaktuelt. Samstundes er dette eit tema eg har høyrt svært lite om tidlegare. Korleis foreldres syn kan farge arbeidet barnehagen gjer rundt å styrke barns kjønnsidentitet er viktig kunnskap for alle barnehagelærarar å ha. Rammeplanen seier at «Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn» (KD, 2017, s. 10).

Eg brenn veldig for å i størst mogleg grad la barn utvikle seg slik det fell seg naturleg for dei, og ikkje at barn skal bli styrt av korleis vaksne forventar at dei skal sjå ut, oppføre seg, leike med og så vidare. Ein ser at mange barn og unge føler stor skam ved å bryte med kjønnsnormer som dei lærer frå både vaksne og andre barn. Eg ønskjer ei haldningsendring i samfunnet knytt til kjønnsnormativitet.

1.2 Problemstilling

På grunnlag av det som har oppteke meg og mine funn i forskingsbasert litteratur har eg kome fram til følgjande problemstilling:

Korleis kan foreldres haldningar påverke barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet?

1.3 Omgrepsavklaring

Eg vil først og fremst avklare kva eg legg i omgrepet “*barnehagen*”. Eg brukar barnehagen som eit samleomgrep for alt som omhandlar barnehagen sitt arbeid, struktur, planar og personalets arbeid i det daglege. Det er personalet som arbeider, ikkje sjølve barnehagen.

Eit sentralt omgrep i problemstillinga mi er kjønnsidentitet. Kjønnsidentitet er den personlege oppfatninga av kva kjønn ein er. Dette vil seie kjensla ein har av å for eksempel vere mann, kvinne, både mann og kvinne, ingen av desse eller noko anna. For dei fleste menneskjer samsvarer kjønnsidentitet med det kjønn dei fekk tildelt ved fødselen, men dette gjelder ikkje for alle. Opplevinga er subjektiv og ikkje nødvendigvis i samsvar med kroppens ytre anatomi, eller med andre si oppfatning av kva kjønn ein er (van der Ros & P. Benestad, 2020).

1.4 Avgrensing

Som eg allereie har nemnt, er arbeidet med kjønnsidentitet i barnehagen eit viktig tema eg finn svært interessant. Det er mange fleire aspekt som kunne vore aktuelt for meg å forska på rundt dette temaet, men da hadde omfanget vorte altfor stort for denne oppgåva. Det kunne vore aktuelt for meg å fokusert enda meir på barns utvikling av seksualitet, men eg valte å ha barns kjønnsidentitet som fokus.

Eg gjorde dette valet både fordi det er eit tema eg saknar i allereie tilgjengeleg litteratur, og barns seksualitet er eit mykje meir utforska tema. Barns seksualitet blir derimot relevant for mi oppgåve. Som eg kjem inn på også seinare i oppgåva, kan det å utforske sin seksualitet henge tett saman med utvikling og utforsking av kjønnsidentitet og vice versa. Noko anna som hadde vore interessant å undersøkje, er korleis foreldra oppfattar personalets syn på samarbeidet mellom foreldre og personale. Dette er ei bacheloroppgåve, og difor må eg gjere avgrensingar for å kunne skrive ei god oppgåve, og gi svar på valt problemstilling.

1.5 Oppbygging av oppgåva

Etter innleiinga av oppgåva, kjem kunnskapsgrunnlaget, der eg presenterer relevant teori og forsking. Deretter kjem metodekapittelet der eg skriv om val av metode og presenterer dei tre dokumenta eg har valt. I tillegg kjem eg med metodiske og etiske refleksjonar rundt mitt val av metode. I det neste kapittelet vil eg gjere ei grundig dokumentanalyse, som blir presentert både i form av ein tabell og oppsummering av funn frå analysa, eitt dokument av gongen. Vidare kjem drøftingskapittelet der eg drøfter rundt tema eg ønskjer å belyse og reflektere rundt, med utgangspunkt i teorikapittelet mitt og problemstillinga mi. Til slutt kjem oppsummering og konklusjon.

2. Kunnskapsgrunnlag

I dette kapittelet vil eg presentere relevant teori som gir viktig forkunnskap om oppgåvas innhald. Eg har delt kunnskapsgrunnlaget inn i fire ulike hovedtema: Kjønn og kjønnsidentitet, barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet, foreldresamarbeid og aktuell forsking. Kunnskapsgrunnlaget mitt består av teori i form av aktuell forsking, teoriar og styringsdokument.

2.1 Kjønn og kjønnsidentitet

Hovedtema i oppgåva er korleis foreldre sine haldningars påverkar barnehagens arbeid med kjønnsidentitet. Difor vel eg å bruke litt tid på gjere greie for kjønn og utvikling av kjønnsidentitet før eg går over til barnehagen sitt arbeid og samarbeidet med foreldra.

2.1.1 Kjønn

Tradisjonelt sett har kjønn blitt delt inn i to kategoriar, det biologiske kjønn (sex) og det psykologiske, sosiale og kulturelle kjønn (gender) - også kalla kjønnsidentitet i norsk samanheng (Grønli, 2007). Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet delar kjønn inn i tre ulike aspekt: Biologisk kjønn - den kroppen du er født med, psykologisk kjønn - det kjønnet du føler deg som, og sosialt kjønn - det kjønnet andre oppfattar deg som og som du sosialiseraast inn i (Bufdir, 2015).

Oppfatninga av at det finnast kun to kjønn kan forklara gjennom tokjønnsmodellen. I tokjønnsmodellen blir kjønn tolka som to motsette og gjensidig utelukkande kategoriar, mann og kvinne. Forskjellane mellom menn og kvinner blir i denne modellen sett i biologisk samanheng og blir knytt til reproduksjon. Heteroseksualitet blir difor sentral i denne måten å tolke kjønn på (Bufdir, 2015).

Det er viktig å presisere at det i dag blir feil mot mange menneskjer å si at det kun finnast to kjønn. I følgje Foreningen Fri eksisterer det seks ulike kjønn: Mann, kvinne, trans, transperson, intersex og interkjønn (Foreningen Fri, 2022). På ei anna side seier forskarar på den biologiske enden at det kun finnast to biologiske kjønn.

Kjønnsforskjarar har lenge operert med eit skilje mellom det biologiske kjønn (sex) og det psykologiske, sosiale og kulturelle kjønn (gender) - også kalla kjønnsidentitet i norsk samanheng (Grønli, 2007). Det er viktig å sjå kva perspektiv forskjarar sit med for å forstå oppfatningane rundt tema elles i samfunnet.

2.1.2 Utvikling av kjønnsidentitet

Som eg også var inne på i omgrepsavklaringa, viser omgrepet kjønnsidentitet til korleis ein definerer ein person si djupe internaliserte kjensle av å vere kvinne, mann, begge delar eller ingen av dei, uavhengig av kjønn tildelt ved fødsel (Barron & Capous-Desyllas, 2017, s. 403).

Oppdaginga av eiga kjønn innleier utviklinga av kjønnsidentitet, difor er utforsking av seksualitet viktig for utviklinga av kjønnsidentitet. Frå barn er eitt til tre år blir kjønnsorgan mykje utforska. Fleire forskjarar meiner at måten vaksne møter barn i denne utforskinga på, får konsekvensar seinare i livet. Om kjønnsorgan blir forbundet med skam og motvilje, vil barnet lett knyte dei same kjenslene til kjønnsidentitet og seksualitet (Eidhamar & Leer-Salvesen, 2017, s. 129). I tre-fireårsalderen blir barna meir sosiale. Det er da leiker som «doktor» eller «mor, far og barn» kan få seksuelt innhald. Drivkrafta for slik leik er barnas naturlege nysgjerrigkeit og utforsking, og denne utforskinga er viktig for at barn blir kjent med både sin seksualitet og kjønnsidentitet. Det er viktig at vaksne omsorgspersonar er svært bevisste på korleis barn blir møtt i slik utforsking (Eidhamar & Leer-Salvesen, 2017, s. 129).

RVTS Sør har utarbeida ein modell som heiter “ein skjønn identitet”. Denne modellen illustrerer korleis ein person sin identitet kan bestå av eit mangfold av kjønn, og at det er greitt å føle seg heime både i tradisjonelle og utradisjonelle kjønnsforventningar. Modellen illustrerer kor samansett mennesket sin identitet kan vere, og kor tett seksualitet og kjønnsidentitet heng saman. Seksualitet er eit omfattande omgrep, og identiteten vår blir påverka ved at ein definerer seg utifrå eiga seksualitet. Identitet blir påverka av kva kjønn ein føler seg som, kva biologisk kjønn ein er født med og ulike miljø/kulturmessige faktorar (Ringereide, 2021). Denne modellen viser godt kva kjønnsmangfold er.

2.1.3 Kjønnsmangfald

I kontrast til tokjønnsmodellen, er kjønnsmangfald eit perspektiv som handlar om at det er fleire måtar å vere kvinne/mann, gutt/jente på. Dette gjeld både for homofile, heterofile, lesbiske, bifile og transpersonar. Omgrepet kjønnsmangfald åpner også opp for at det finnast fleire kjønnsidentitetar enn kun kvinne og mann (Bufdir, 2015). Innanfor dette temaet kan det for mange personar opplevast problematisk å bli «sett i bås» og kategorisert, når kjønn og kjønnsidentitet er så subjektivt. Det er likevel fleire med ulike kjønnsidentitetar som ønskjer å bli diagnostisert som kjønnsinkongruente. Årsaka til dette er ofte at denne diagnosa gir retten til kjønnsbekreftande behandling (Almås & Benestad, 2017, s. 178). Kjønnsinkongruens er eit nytt omgrep som skildrar situasjonar der ein person ikkje opplever samsvar mellom kjønn tildelt ved fødsel og si eiga kjønnsidentitetsoppleving. Tidlegare har dette vore definert som transseksualisme. ((WHO Europa, 2022).

2.1.4 Kjønnsdiskursar

Nokre autoritative stemmer har hatt større innflytelse på språket enn andre. Dette språket skaper ei bestemt verkelegheit. Foucault (1980, s. 109-133) har sett på relasjonen mellom kunnskap og makt og korleis enkelte autoritetar med makt ofte ved tilfeldigheiter har fått bestemme kva for kunnskap som er gyldige. Makt og kunnskap bindast saman og produserast gjennom diskursane, der bestemte menneskjer autoriserast til å snakke, mens andre blir hysja ned. Dette kjem til syne blant anna gjennom korleis barns kjønnsidentitet blir sett på dagsorden i offentlege dokumenter, korleis kjønnsidentitet knytast til bestemte formål og til bestemte teoretiske val og forskingstradisjonar.

Ein ser dermed i kvar kultur eller historiske epoke at det er eit relativt samanhengande generell oppfatning av kva barn og deira kjønnsuttrykk er og bør vere, og som framstår som den dominerande eller rådande diskurs. Slike diskursar eller sannheitsregimer framstår som ein bestemt rasjonalitetstype. Her ligg ein indre logikk som strevar etter å bestemme kva ulike menneskjer i ulike kulturar til ulike tider skal forstå som sant og usant, kva dei kan seie og kva dei kan gjere.

Slike makttihøve gjer det nærmast omogleg å snakke og tenke på andre måtar om barns kjønnsidentitet (Øksnes, 2011, s. 174-175). Når vi for eksempel les *Rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver* (2017) eller observerer eit barn i leik, tolkar vi det vi leser, eller det vi trur vi ser, ut frå den diskursen vi er vevd inn i. Våre tolkingar er altså prega av den historiske, sosiale og kulturelle konteksten samanhengen vi står i. Vi snakkar og handlar ut frå bestemte tradisjonar. Det er dermed vanskeleg å avdekke dominerande eller rådande diskurser, og er dermed svært vanskelege å oppdage og kritisere. Focault meiner at vi som samfunn bør problematisere det som blir tatt for gitt i liva våre. På denne måten kan til dømes barns seksualitet og kjønnsidentitet bli til på premiss til dei dominerande eller rådande diskursar i samfunnet, men kunne vore annleis (Øksnes, 2011, s. 174-175).

I dokumentanalysa mi kjem eg til å nytte omgrepa reittigheitsdiskurs og biologisk diskurs. Desse omgrepa har eg henta frå masteroppgåva til Terjesen (2021). Rettigheitsdiskursen går ut på barns rettigheit til kjønnsmangfald, og å få utvikle og uttrykkje sin kjønnsidentitet fritt. Barnet har rett til å ha ein kjønnsidentitet både i og utanfor tradisjonelle kjønnsroller- og uttrykk. Den biologiske diskursen går ut på tradisjonelle forventningar knytt til biologisk kjønn. Innan denne diskursen blir barns rett til å uttrykkje seg fritt begrensa. (Terjesen, 2021, s. 49).

2.2 Barnehagen sitt arbeid med Kjønnsidentitet

I *Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver* står det at «barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet.» (KD, 2017, s. 9) I barnehagen skal altså alle barn bli inkludert. Inkludere kan definerast som innbefatte, omfatte eller rekne med. Inkludere er nærmast synonym for fellesskap, delaktigheit, livskvalitet og likeverd (Befring, 2014, s. 57-58). For temaet i mi oppgåve vil dette bety at barnehagen skal synleggjere og anerkjenne alle kjønnsidentitetar. Alle barn skal føle seg inkludert og akseptert for akkurat den dei er.

God psykisk helse gir grunnlag for eit godt liv (Pedersen, 2015, s. 47). For å ha god psykisk helse som barn og vidare inn i vaksenlivet, er det å føle seg vel med seg sjølv og sin kjønnsidentitet ein viktig føresetnad.

Helsedirektoratet (2007) skildrar barns psykiske helse som utvikling av og evne til å meistre tankar, kjensler, åtferd og kvardagens krav i forhold til ulike livsaspekt. Det er difor viktig at barnehagen støtter barna i å bli kjent med sin eigen kjønnsidentitet, og å gi verktøy for å kunne prate om ting som kan opplevast vanskeleg.

Foreldresamarbeidet er ein viktig del av arbeidet barnehagepersonalet utfører.

2.3 Foreldresamarbeid – utfordringar og mogleheter

Foreldremandatet er eit omgrep eg meiner er viktig å nemne i denne samanhengen, som nok ein gong understrekar kor viktig foreldra er i eit barns liv. Det støttar også opp under kor viktig og avgjerande eit godt foreldresamarbeid er. I vårt samfunn er det foreldra som har hovudansvaret for barnet. Foreldra har plikt og rett til å gi barnet omsorg og oppdragning. Ansvar kan bli delegert til andre instansar, for eksempel barnehagen. Barnehagen skal da gjere sitt arbeid i forståing og samarbeid med heimen. Dette er fastlagt i landets lover, i barnelova (1981), opplæringslova (1998) og barnehagelova (2005). Det same har også vore fastlagt i fleire tidlegare utgåver av tilsvarende lover (Bø, 2011, s. 20).

For å oppnå eit godt foreldresamarbeid er anerkjenning ein viktig del av kommunikasjonen med foreldra. Grunntanken i Appreciative Inquiry er at vi som menneskjer drivast av meining. Vi motiverast, gror og veks gjennom anerkjenning, i denne samanheng ved å bli møtt og positivt bekrefta. Undersøking og forandring går føre seg samtidig. Om personalet ofte pratar med foreldra om det positive og barnets beste og mogleheter, er det lettare for begge partar å ha same fokus og arbeide saman mot eit feles mål, altså barnets beste (Hornstrup, Johansen, Specht, Madsen & Loehr-Petersen, 2018, s. 51-52).

Foreldresamarbeid er viktig for å ta vare på barnets behov, difor er det avgjerande å ha god kunnskap om korleis ein oppnår eit godt foreldresamarbeid.

I ein rapport frå Senter for barneforskning i Trondheim om Pedagogisk tilbod til 4-7-åringer i internasjonalt perspektiv, konkluderer forfattarane med at ein er avhengig av foreldra sitt engasjement for å få positiv effekt av pedagogiske tilbod (Bø, 2011, s. 105). Det er viktig å skape gode rammer for å arbeide med kunnskapsformidling om barnets situasjon. «Oppleving av samanheng» (Sense of Coherence, SOC) er tre viktige aspekt som er til stor hjelp i møte med familiar som står i ein utfordrande situasjon. Det er til stor nytte om situasjonen opplevast som forståeleg, handterbar og meiningsfull. SOC-modellen er Aaron Antonovskys salutogenetiske modell for å fremje helse (Gjærum, Grøholt & Sommerschild, s. 81).

Eeva Huttunen har gjort ein studie omkring verknadene av samarbeidet mellom barnehage og foreldre. Funna ho gjorde var at samtalar med barnehagens personale verka inn på foreldre sine haldningar til pedagogisk arbeid. Haldningane til foreldra vart meir barneorienterte enn tidlegare. Haldningane vart meir bevisste, og foreldra vart meir opptekne av å rettleie barna heime. Foreldra satt att med ei djupare forståing av kor viktige dei er for barna sine. Gleda ved foreldrerolla vart auka. Det vart gjort fleire funn som indikerer auka meistring og betre psykisk helse. Det vart også gjort funn om auka sjølvstende og initiativ og forbetra sosial samhandling (Huttunen, 1988).

I følgje Sand (2016, s. 105-106) kan personalet ha to ulike tilnærmingar til foreldresamarbeidet. Ved ei ressursorientert tilnærming ønskjer personalet å støtte foreldra, og ser dei som ein ressurs for sine barn. Til tross for eventuelt ulike syn og mål på oppdragning, ligg det ein grunnleggjande tillit til foreldra hjå personalet. Ved ei problemorientert tilnærming ser personalet foreldra i eit mangelperspektiv. Her ligg det ei forventing hjå personalet om at samarbeidet med foreldra er vanskeleg, og at dei i liten grad meistrar rolla som foreldre. Foreldra blir vurderte som ressurssvake med liten interesse for eigne barn.

Det er viktig å gi foreldre moglegheit til delaktigkeit og kunnskap om kva som går føre seg den tida barna deira er i barnehagen. Foreldre som får innsyn i og kunnskap om pedagoganes arbeidsmåtar, blir aldri stumme tilskodarar. Desse foreldra blir ein ressurs (Åberg & Taguchi, 2018, s. 136).

2.3.1 Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell

Ein modell som viser samspelet mellom barnehagen, barnet og foreldra, er Bronfrenbrenner sin utviklingsøkologiske modell. Slik eg tolkar modellen, speler både barnehagen og foreldra ei stor og viktig rolle i barnets liv (Bronfenbrenner, 1979). Modellen viser korleis barn inngår i sosiale og kulturelle samanhengar som dei påverkar, og blir påverka av. Barns utvikling og sosialisering pregast av dei ulike miljøa rundt barnet (Ringereide & Stai, 2021)

Både barnehagen og foreldra finn ein i det inste systemet, kalla mikrosystemet. Mikrosystemet består av alle gruppene som har direkte kontakt med barnet. Alle i mikrosystemet vil da også kunne påverke kvarandre gjensidig, altså både barnet sjølv, foreldra og barnehagen. Denne modellen kan altså bidra til å betre forstå korleis påverknadsprosessane kan sjå ut vedrørande eit barns utvikling av sin kjønnsidentitet. Ein anna modell som kan gi ein god illustrasjon på denne påverknadsprosessen, er transaksjonsmodellen (Flaten, 2018, s. 49).

2.3.2 Transaksjonsmodellen

Transaksjonsmodellen skildrar korleis barnet og miljøet gjensidig påverkar kvarandre over tid, dette kallast ein gjensidig påverknadsprosess. Dei medfødde eigenskapane til barnet og forhold i omsorgsmiljøet, vil i tillegg til forholdet mellom omsorgsmiljøet og barnet ha stor innverknad på barnets utvikling. Modellen viser at barnet og omgivnadene formar og utviklar seg saman. Barnets eigenskapar påverkar vaksne si åtferd, og vaksne si åtferd påverkar barnet. Barnet både påverkar og blir påverka av miljøet rundt seg (Flaten, 2018, s. 49).

2.4 Aktuell forsking

I søka etter dokument om barnehagens arbeid med kjønnsidentitet, har eg for det meste funne dokument som går på likestilling. Eg fann lite dokument som omhandla det som går på foreldre sine haldningar knytt til barnehagen sitt arbeid kjønnsidentitet.

Det eg har funne av forsking som eg vurderer som mest aktuell med tanke på mi problemstilling er dei studiane som dannar utgangspunkt for sjølve dokumentanalyse mi. Her vil eg presentere aktuell forsking rundt temaet kjønnsidentitet som ikkje passa heilt med vinklinga i mi problemstilling. Dette er det dokumentet eg først hadde tenkt å bruke i dokumentanalysa mi, dette skriv eg meir om i kapittel 3.3 som omhandlar val av dokument.

Studien er frå Storbritannia og er kalla *Parental interpretations of “childhood innocence”*. Studien er basert på fokusgruppediskusjonar med i alt 110 britiske foreldre og omsorgspersonar for barn mellom fire og sju år. Diskusjonane vart transkribert før det vart gjort ei tematisk analyse av dataene. I studien kjem det fram funn rundt kva foreldre oppfattar som “*uskyld*” blant barn, og kvifor dei ønskjer at barn skal bevare denne uskylda lengst mogleg. Dette ønsket medførte at foreldra heldt attende informasjon om seksualitet. Samtidig ønska majoriteten av foreldra å ha ein open relasjon til barna sine der barna kunne oppsøke dei for informasjon (McGinn et al., 2016, s. 1)

3. Metode

I dette kapittelet vil eg gjere greie for kvifor eg valte dokumentanalyse som metode, og skildre korleis eg har gått fram. Eg presenterer først kvart enkelt dokument før eg viser gjennom ein tabell korleis eg systematisk har analysert kvart enkelt dokument, kategori for kategori. Dette byggjer grunnlaget for funna som blir lagt fram i neste kapittel om funn.

3.1 Val av metode

Eg kjem til å nytte ei kvalitativ forskingsmetodisk tilnærming. Valet mitt falt på dokumentanalyse. Grunnen til at kvalitativ tilnærming vart det rette valet for meg og mi oppgåve, er at i motsetnad til kvantitative metodar, er formålet å fange opp mening og forståing som ikkje let seg måle eller talfeste (Dalland, 2020, s. 54). Problemstillinga mi handlar i stor grad om kjensler, meningar og identitet hjå mennesker, dei funna eg gjer kan ikkje la seg måle i tal. Eg finn heller ikkje den informasjonen eg treng gjennom kvantitative metodar.

Både observasjon og intervju hadde vore naturlege, og svært nyttige metodar å bruke. Grunnen til at eg valte dokumentanalyse framfor desse, er at det allereie er gjort studiar som gir meg svaret på mi problemstilling.

3.2 Dokumentanalyse som metode

I prosessen med å gjere ei kvalitativ dokumentanalyse, har eg funne mykje støtte i Grønmo (2016) si prosedyre for korleis ein kan gå fram. I førebuingsprosessen skriv Grønmo (2016, s. 176) at det er viktig å avklare fokus. Dette har eg gjort gjennom å lese gjennom tilgjengeleg litteratur som er av den typen tekst eg har bestemt meg for, altså forskingsbaserte tekster. Etter mykje tenking med utgangspunkt i tilgjengeleg litteratur, valte eg ut kva tema eg ville vektlegge (Grønmo, 2016, s. 176). I den neste fasa kjem gjennomføringsprosessen. Her skal ein gå gjennom tekstene systematisk. Dette gjorde eg ved å gjere kjeldekritiske og kontekstuelle vurderingar. Spesielt kontekstuelle vurderingar har vore særskilt viktig i denne prosessen, da det var begrensa med tekster som kunne gi meg svar på problemstillinga mi.

Grunnen til at eg måtte vere spesielt kritisk i mine kontekstuelle vurderingar, er at det var minimalt med dokument med same vinkling som problemstillinga mi, dette utdjupar eg meir i neste kapittel om val av dokument. Dei eg fann hadde ikkje korleis foreldra påverkar barnehagens arbeid som hovudtema, men vart belyst. Difor måtte inn og gå nøye gjennom mange dokument for å sjå om dei kunne gi meg svar på det problemstillinga spør om. Vidare valde eg ut og registrerte relevant innhald. Det relevante innhaldet vart dermed kategorisert (Grønmo, 2016, s. 178-179). I tillegg har eg lese gjennom andre relevante tekster for å få eit betre inntrykk av diskusjonen rundt mitt tema i samfunnet i dag. Grønmo skildrar ulike problem som kan oppstå under datainnsamlinga, her vil eg skrive om dei utfordringane og kva tankar eg har gjort meg og kva tiltak eg har gjort for å unngå disse problema i størst mogleg grad. Forskarens perspektiv kan påverke utveljinga og tolkinga av tekstane. I mitt tilfelle har utvalet av tekster vore begrensa, så eg vart nøydd til å gjere ein nøye, og ikkje minst brei gjennomgang av relevant litteratur. Sjølv om det har vore utfordrande å finne relevante tekster, sit eg no att med gode tekster, både norske masteroppgåver og internasjonale studier. Eit anna problem kan vere at forskaren har begrensa kjeldekritisk forståing (Grønmo, 2016, s. 181). Dette kan påverke tolking av tekstane. Eg meiner eg har god kunnskap om kjeldekritikk, men har det likevel alltid i bakhovudet. Ei begrensa kontekstuell forståing kan også påverke tolkinga av tekstane. Ein kan lett lese seg litt blind på alle tekstane og gløyme bort kva problemstillinga spør etter. Da er det viktig å vere bevisst og ta fram att tema og problemstilling med jamne mellomrom og gjere ei vurdering om eg er på rett spor (Grønmo, 2016, s. 181). Fokus og korleis eg valte ut tekstane kjem eg inn på i neste kapittel.

3.3 Val av dokument

Som tidlegare skildra, er utveljingsprosessen viktig for å sikre ei god fagleg dokumentanalyse. Ein må avklare fokus, vere kjeldekritisk og gjere kontekstuelle vurderingar (Grønmo, 2016, s. 176). I utveljingsprosessen brukte eg to ulike søkemotorar for å finne relevante forskingsbaserte dokument, *Eric* og *Google Scholar*. *Eric* er ein internasjonal litteraturdatabase innan pedagogikk (<https://www.ub.uio.no/fag/laring-utdanning/fagdidaktikk/>).

Google Scholar er Googles eiga søkemotor for vitskapeleg litteratur (<https://www.nmbu.no/om/biblioteket/fagressurser/fulltekst/google-scholar>).

Den britiske studien *Parental interpretations of “childhood innocence”* eg presenterte i kapittel 2.3.4 om aktuell forsking, er det dokumentet eg hadde valt ut heilt i oppstartsfasa. Denne artikkelen fann eg ved å bruke søkeorda “sexuality education parents” på *Eric*. Eg fann studien svært interessant, men etter kvart som eg las studien nøyare, såg eg at den ikke kunne gi svar på problemstillinga mi. Eg konkluderte med at eg måtte gå meir systematisk til verks og finne dokument som i større grad kunne gi svar på problemstillinga mi. Ved å lese samandrag av fleire aktuelle dokument, vart det lettare å vurdere kven eg kunne gå inn å undersøke nærmare.

Eg byrja med å søke på *Eric* med søkeorda “preschool gender parents”. Da fann eg eit dokument som var interessant for meg og vart det første dokumentet eg bestemte meg for å ha. Denne svenske forskingsartikkelen (Karlson & Simonsson, 2008) heiter *Preschool Work Teams’ View of Ways of Working with Gender—Parents’ Involvement*.

No ville eg prøve å finne norsk forsking som kunne hjelpe meg å besvare problemstillinga mi. Da søkte eg på *Google Scholar* etter “kjønnsmangfold barnehage foreldre”. Eg gjekk nøyde gjennom dokumenta og fann to som var aktuelle for å finne svar på mi problemstilling. Det første dokumentet var masteroppgåva *Kjønnsdiskurser i barnehagen. En kvalitativ studie om hvordan barnehagelærerens perspektiver på kjønnsroller påvirker arbeidet rundt likestilling i barnehagen*, utført av Eline Kirkhusmo Terjesen (2021). Det andre relevante dokumentet eg fann var ei masteroppgåve skreve av Anette Lunde (2021): *Seksualitet og kjønnsidentitet i barnehagen: hva fremmer og hemmer institusjoners praksis, i lys av nasjonale føringer?* Etter nøyde gjennomgang av alle dokumentene, syntes eg at eg hadde nok for å besvare problemstillinga mi, men at eg skulle hatt eitt til for faglegare tyngde. Eg gjorde da eit nytt søk på *Google Scholar*, nå på engelsk med søkeorda “sexuality education parents preschool”.

Da fann eg den svenske studien frå 2008, *Preschool Work Teams' View of Ways of Working with Gender—Parents' Involvement*, utført av Ingrid Karlsson og Maria Simonsson.

Grunnen til at eg endte opp med to masteroppgåver og ein forskingsartikkkel, er at det var desse dokumenta som kunne gi meg svar på mi problemstilling. Eg går nærmare inn på dette i neste kapittel 3.4 om metodiske og etiske refleksjonar.

3.4 Metodiske og etiske refleksjonar

Pålitelegheit (reliabilitet) er som nemnt eit viktig kriterium for kvalitet i forsking, og går ut på om arbeidet ein har presentert er til å stole på (Dalland, 2020, s. 63). Sidan eg nyttar andre sine studiar som analysegrunnlag, har eg vurdert alle dokumenta nøye for å sikre kvalitet. Alle masteroppgåver er ikkje nødvendigvis godt gjennomførte studiar, og dette er noko eg har vore nøydd til å reflektere nøye rundt. På grunn av at det ikkje er studiar gjennomført av meg sjølv, har det kravd ein nøye gjennomgang av alle dokumenta. Alle studiane er relativt små, så det er også noko eg har vore nøydd til å vurdere i forhold til reliabilitet, eg har vurdert at alle tre studiane er godt gjennomført, og at dei utfyller kvarandre godt i ei analyse. På ei anna side må ein vere klar over at det opphavlege datamaterialet har gått gjennom to ledd med tolkingar, og at det potensielt kan påverke reliabiliteten.

For å sikre relevans (validitet) har eg også vore nøydd til å gjennomgå alle dokumenta grundig, i tillegg til å sjå på bakgrunnen til forskarane bak. Det at alle studiane er utført i Noreg og Sverige frå 2008-2021, forsterkar relevansen. Dette er også ein grunn for at valet falt på to masteroppgåver, fordi at det faktum at dei er norske styrker relevansen for oppgåva mi.

Om eg hadde nytta observasjon eller intervju hadde eg stått ovanfor mange forskingsetiske vurderingar eg hadde mått gjort. Sidan eg kun nyttar studiar gjennomført av andre, står eg ikkje ovanfor dei same vurderingane. Det er likevel viktig å alltid ha eit kritisk blikk på alt materiale som ein nyttar (Dalland, 2020, s. 171).

3.5 Dokumentanalyse

I dette kapittelet vil eg systematisk gå gjennom det relevante innhaldet i kvar av dei tre dokumenta. Eg kom fram til relevante kategoriar ved å lese grundig gjennom eitt og eitt dokument og valde ut kategoriar eg førte inn i ein tabell. Eg måtte difor gå attende til alle dokumenta fleire gonger og lese gjennom på nytt ettersom eg oppdaga nye kategoriar eg ville ha inn i tabellen. Det ligg to tabellar som vedlegg. Tabellen i *Vedlegg 1* er ein finskreve versjon av tabellen i *Vedlegg 2*. Ved å korte ned og finskrive funna i ein ny tabell, vart det lettare å sjå likheiter og ulikheiter ved dei ulike studiane.

Eg analyserte ikkje heile teksta i masteroppgåvene, kun delane som omhandla foreldre. Eg kjem kun til å analysere det som har med barnehagens arbeid med kjønnsidentitet, foreldras haldningar knytt til barns kjønnsidentitet å gjere, og korleis det påverkar barnehagens arbeid rundt barns kjønnsidentitet. Funna eg gjorde gjennom dokumentanalysa, blir presentert i kapittel 4 om funn.

3.6 Presentasjon av dokument

Eg vil no presentere dei tre dokumenta eg valte ut for mi dokumentanalyse. Her vil eg gjere kort greie om kva studiane går ut på og kva for metodar som har vore brukt. Eg kjem også inn på bakgrunnen til forskarane bak studiane, for å vise pålitelegheita (reliabiliteten) til dei ulike dokumenta. Reliabilitet er eit viktig kriterium for kvalitet i forsking og går ut på om arbeidet ein har presentert er til å stole på. (Dalland, 2020, s. 63). Eit anna viktig kriterium for å sikre god kvalitet på oppgåva mi er relevans (validitet). Her må eg vurdere om dokumenta er har valt er relevante og om eg kan gi svar på problemstillinga mi gjennom å analysere desse tre dokumenta (Dalland, 2020, s. 63).

3.6.1 Dokument 1: Seksualitet og kjønnsidentitet i barnehagen: Hva fremmer og hemmer institusjoners praksis, i lys av nasjonale føringer?

Anette Lunde er utdanna barnehagelærar, og har teke master i spesialpedagogikk ved Høgskulen på Vestlandet. Eg skal analysere hennar masteroppgåve i spesialpedagogikk frå 2021.

Lunde nytta ei kvalitativ tilnærming med forskingsintervju og anonym spørjeundersøking som metode for datainnhenting. Rekrutteringa til intervjuet var basert på sjølvseleksjon der det vart utført tre intervju med barnehagepersonale. Spørjeundersøkinga omfatta eit større utval beståande av 13 barnehagar, med minimum to personar frå kvar for å sikre større breidde (Lunde, 2021, s. 45). Utifra informantane ståstad og perspektiv i utsakn, låg kategoriane "fremjar" og "hemmar". Desse kategoriane skildrar kva som fremjar, og kva som hemmar barnehagens arbeid med kjønnsidentitet. Faktorane som fremma var ildsjel, førebyggjing, kunnskap, haldning, verktøy og støtte. Faktorane som hemma var prioriteringar, religion og kultur, seksuelle overgrep, kunnskap, haldning, verktøy og støtte. Vidare har det vorte gjort ei diskursanalyse. Lunde vurderte ei diskursanalyse som nødvendig fordi det ligg lovverk, strategiar og andre planar til grunn for barnehagens arbeid, og at det difor er viktig med eit kritisk blikk (Lunde, 2021, s. 55).

3.6.2 Dokument 2: Kjønnsdiskurser i barnehagen. En kvalitativ studie om hvordan barnehagelærerens perspektiver på kjønnsroller påvirker arbeidet rundt likestilling i barnehagen

Eline Kirkhusmo Terjesen er utdanna barnehagelærar ved Universitet i Agder som har gått vidare og teke master i barnehagekunnskap ved same institusjon. Denne masterstudien har ein sosialkonstruksjonistisk ståstad, der det er gjort ei kvalitativ studie gjennom intervju. Intervjuobjekta består av fire personar med barnehagelærarutdanning. Datainnhentingsmetoda er semistrukturerete enkeltintervju.

Terjesen har gjort ei tematisk analyse av intervjuet og har på bakgrunn av dette kategorisert utifrå kva som har gjenteke seg i intervjuet. Fokuset i den tematiske analysa er å identifisere diskursar som er rådande blant utvalet, utifrå kva som har vore gjentakande. I studien vart det funne to rådande diskursar. Retigghetsdiskursen omhandlar kjønnsmangfold som barns rettighet, og den biologiske diskursen omhandlar ei forståing av kjønn som to motsetnader (Terjesen, 2021, s. iv)

3.6.3 Dokument 3: Preschool Work Teams' View of Ways of Working with Gender—Parents' Involvement

Forskarane bak den svenske studien frå 2008 heiter Ingrid Karlsson og Maria Simonsson. Begge er tilsett ved Linkoping Universitet, Karlsson er tilsett ved *Department of Behavioural Sciences and Learning* mens Simonsson er tilsett ved *Department of Social and Welfare Studies*. Forskingsdataen består av fire intervju av barnehagepersonale i fokusgrupper. I studien vart det funne fem nye forventingar for foreldre når det gjeld kjønn og likskap i den kjønnssensitive pedagogikken. I studien kjem det fram kva personalet forventar av foreldra, men også korleis dei blir påverka av foreldra (Karlsson & Simonsson, 2008).

4. Presentasjon av funn

I dette kapittelet blir funna som er presentert i tabellen utdjupa, eitt dokument av gongen. Tabellen er lagt ved som det første vedlegg. Til slutt kjem ei oppsummering av funn.

4.1 Dokument 1: Seksualitet og kjønnsidentitet i barnehagen: hva fremmer og hemmer institusjoners praksis, i lys av nasjonale føringer?

Eg analyserte side 58-72 av dette dokumentet. Eg fokuserte på den delen av dokumentet som inneholdt relevant informasjon for problemstillinga mi, under analyse og resultat.

Under faktorar som fremmer, i kapittelet om førebyggjing, kjem det fram at personalet inkluderte foreldre i arbeidet gjennom årsplan, månadsbrev, appen “*dagen i dag*” der det blant anna vart delt informasjon om kva som har vore lese/sett/snakka om, gjerne med lenker til fagstoff som rammeplan som strategi for seksuell helse. Det vart også teke i bruk ein ny type mal for foreldresamtale som førebyggjande arbeid. Det var satt av 2 timer til samtala, og tema som familiodynamikk, vald og seksuelle overgrep vart teke opp. Her kunne personalet oppleve at foreldre delte sine eigne tøffe historier, som det måtte bli teke omsyn til (Lund, 2021, s. 59).

Foreldre er også nemnt under faktorar som hemmar. Det kjem fram at det å forholde seg til foreldre er utfordrande for nokon, fordi barnehagane er redd for å støte nokon med sin openheit og informasjon. Nokre fortel at grunnen til at temaet ikkje er i barnehagen fordi det ikkje er etterspurt av barna eller foreldra. Det blir også vektlagt at foreldra synes temaet er vanskeleg og ubehageleg. Foreldra føler på avgrensingar både fordi dei synes temaet er flaut, og at barnas uskuld og reinheit vart skada. Nokon opplev at foreldra klager på at tematikken blir teke opp i barnehagen, og at mange organ må inn og vise til at arbeidet er skikkeleg gjort.

Det blir fortalt at nokre har oppleve stor motgang frå foreldre og at dei er slitne av å forsvare arbeidet dei gjer (Lund, 2021, s. 60). Nokre foreldre kan ha religiøse overtydingar om at homofili er forbode, eller at transpersonar blir drepne (Lund, 2021, s. 60).

Fleire faktorar yter motstand til arbeidet med barns kjønnsidentitet.

Minoritetsspråklege barn og foreldre har ein anna kultur for dette temaet, og gjer det vanskeleg å få i gang og forsvare arbeidet i følgje ein av informantane. Ei anna utfordring som blir skildra er at nokre foreldre synes tematikken er flaut og klager på at det blir teke opp i barnehagen. Mange organ må da inn og vise til at arbeidet er skikkeleg gjort. (Lund, 2021, s. 60). Når foreldre og barnehagepersonale ser på barn som uskuldige og reine individ, blir barna frårøva kunnskap om sin eiga kropp. For dei fleste er dette frykt og usikkerheit som kun kan endrast ved kunnskap (Lund, 2021, s. 71). Informantane skildrar ein mangel på kunnskap og støtte i styringsdokument, som skaper usikkerheit i inkluderring og samarbeid med foreldre. Dei visste ikkje korleis dei skulle forsvare arbeidet eller svare foreldre som uttrykte misnøye (Lund, 2021, s. 69). Det blir også fortalt at personalet har ei frykt i seg som grunnar i Bjugn-saken frå 1980-talet. Fleire fortel at dei er redd for at foreldre og andre skal samanlikne arbeidet med seksualitet med pedofili, og er redde for å bli anklaga for noko (Lund, 2021, s. 61).

Støttande faktorar til barnehagens arbeid med barns kjønnsidentitet gjekk mest ut på kunnskapsheving blant personale til å forsvare arbeidet ovanfor foreldra.

Kunnskapsheving har vorte gjort i form av kurs og foredrag med ferdighetstrening i form av case eller rollespel. Dette har gjeve tryggleik til personale og vorte teke med vidare som tema i personalmøter og avdelingsmøter som gir gode refleksjonar (Lund, 2021, s. 62). Ein barnehage har hatt foredrag for personale, halde eiga foreldremøte og hatt samlingsstund med dei eldste barna i barnehagen med Stine Sofie Stiftelse. Når arbeidet er vorte ein del av kvardagen og godt implementert samtidig som foreldre vart inkludert, gav det ein raud tråd i dokumenter og planer (Lund, 202, s. 62).

Oppbacking av kommune og leiing er ein viktig faktor som fremjar arbeidet med temaet. Å vite at ein har støtte i systemet gir personalet ein tryggleik som kan forsvare arbeidet til foreldre og fleire kan si at *“mitt lovverk trumfar dine kjensler”* (Lund, 2021, s. 64).

Både rettigheitsdiskursen og den biologiske diskursen kjem fram i denne masteroppgåva. Rettigheitsdiskursen kjem fram i styringsdokumenta og teorien brukt i studien. Det kjem også fram tydeleg ønskje blant informantane om å styrke rettigheitsdiskursen i norske barnehagar vedrørande barns kjønnsidentitet (Lund, 2021). Den biologiske diskursen kjem fram der det blir dratt fram eksempel på korleis ulike religiøse overtydingar kan resultere i at foreldre får eit konservativt syn på kjønnsidentitet (Lund, 2021, s. 60). Skam og tabu kan sjåast i Platon sin diskurs om syndiggjering mellom kropp og lyst som vart vidareført til kristendommen (Lund, 2021, s. 66).

4.2 Dokument 2: Kjønnsdiskurser i barnehagen. En kvalitativ studie om hvordan barnehagelærerens perspektiver på kjønnsroller påvirker arbeidet rundt likestilling i barnehagen

Eg analyserte side 41-61 av dette dokumentet. Her såg eg på betydinga av foreldresamarbeid under empirikapittelet, og elles såg eg på relevante funn gjort i studien. Dette dokumentet fokuserer på arbeidet med likestilling. Eg har likevel vurdert denne studien som relevant for mi oppgåve, da likestillingsarbeid er viktig, og tett knytt opp mot kjønnsidentitet. Ved å utjamne forventningar knytt til kjønn, vil barn kunne stå friare til å utvikle og uttrykkje sin kjønnsidentitet.

Betydninga av, og personalets syn på foreldresamarbeid kjem tydeleg fram i empirien. Støttande faktorar blir drege fram i samband med foreldresamarbeid. Pedagogane verdset foreldresamarbeid i samband med likestillingsarbeidet i barnehagen, fordi foreldra har stor innverknad på barnas opplevelingar av kjønn (Terjesen, 2021, s. 42).

Ein informant har observert ein forskjell på den nye foreldregenerasjonen, ved at det er mindre skepsis blant dei yngre foreldra som uttrykkjer meir toleranse og tålmod (Terjesen, 2021, s. 41). Påverknadskrafta til barnehagepersonalet som fagpersonar kan spele ei rolle blant foreldre som ser ut til å vektleggje den biologiske diskursen (Terjesen, 2021, s. 59). Foreldra kan vere med å yte motstand til barnehagens arbeid med kjønnsidentitet. Informantane fortel at det er store forskjellar på kva heim barna veks opp i, og at nokre foreldre er meir utfordrande å samarbeide med.

Ein informant fortel om utfordringar i møte med foreldre som er veldig satt i eigne tankemønster og har liten openheit om kva som er utanfor det samfunnet karakteriserar som normalen. Ein informant fortel at om barn er fordomsfulle, har dei moglegvis lært dette frå foreldra, om dei for eksempel har fordommar mot gutter i skjørt (Terjesen, 2021, s. 42). I intervjuet Terjesen (2021, s. 59) har utført, kjem det fram at vaksne sine haldningar kan bli overført til barna. På bakgrunn av dette kan kjønn bli til ei handling gjennom at foreldra og/eller barnehagepersonalet vidareførar det som allereie er sosialt etablert i samfunnet. Det blir poengtatt at makta frå den kommersielle marknaden kan bidra til å styre foreldra inn i kategoriar der det er normalt å dele opp verda i rosa og blå (Butler, 2004. I Terjesen, 2021, s. 59).

Informantane fortel om ulike tradisjonelle syn og haldningar blant foreldre, og det blir gjeve fleire eksempel på dette. Det kan oppstå kommentarar frå foreldre til jenter når personalet hadde fokus på å vere nøytrale. Ein informant har opplevd at foreldre fortelje at jentene deira vart skuffa over å ikkje bli kalla fin, sidan dei hadde pynta seg (Terjesen, 2021, s. 41). Det har oppstått fleire reaksjonar frå foreldre når gutter har kledd seg ut i det som blir skildra som jenteting. Det kan ofte opplevast skepsis frå foreldra, særleg om sonen deira har kledd seg ut i kjolar og skjørt i barnehagen. I ei praksisforteljing vart det fortalt om ei mor som ringte og var fortvila over at ho ikkje fekk av sonen sin eit struttesskjørt. Ho var redd for at guten hennar skulle bli mobba (Terjesen, 2021, s. 42).

Fleire informantar fortel om at det er haldningar blant foreldre om at gutar ikkje skal gråte eller vise kjensler. Her blir det trekt fram at vi har eit veldig fleirkulturelt samfunn. Det treng ikkje vere negativt at barn kjem frå mannsdominerte land, men ein kunne sjå haldningar knytt til kjønnsdefinerte eigenskapar (Terjesen, 2021, s. 42-43).

Alle informantane har poengtert foreldresamarbeidets betydning for barnehagens arbeid med kjønnsmangfold og likestilling. Pedagogane skildrar si rolle i foreldresamarbeidet som å roe ned og reflektere saman med foreldre i situasjonar dei opplever som vanskelege. På denne måten kan rettigheitsdiskursen få meir plass og yte motstand til den biologiske diskursen. (Terjesen, 2021, s. 58). Foreldresamarbeid er noko som går att i intervjuet, og pedagogane fortel at det er foreldra som har størst påverknadskraft.

Ein av informantane fortel at ho meiner det er viktig å fortelje foreldra kva som arbeidast med i barnehagen. Det blir fortalt om situasjonar der personalet får ei rolle der dei trygger foreldra i at det er greit om barnet deira bryt med kjønnsnormer (Terjesen, 2021, s. 41). Ved at foreldre kan ha forventningar og haldningar knytt til barnehagens likestillingsarbeid knytt til kjønn, vektlegg fleire av pedagogane viktigheita ved å fortelje kva som skjer i barnehagekvelden. Det blir også trekt fram betydninga av å ha ein åpen dialog med foreldra i samarbeidet (Terjesen, 2021, s. 43).

Det blir gjeve eksempel både på rettigheitsdiskursen og den biologiske diskursen i dokumentet, og kjønnsmangfold som rettigkeit blir veklagt (Terjesen, 2021, s. 41). Barnas rett til å vere ulike blir veklagt, både utanfor og innanfor kjønnskategoriane (Terjesen, 2021, s. 51). Ved at personalet inntek ei aktiv rolle og er opne for å rettleie barnas foreldre, kan rettigheitsdiskursen kome til syne. Forventningane som ligg hjå foreldra, kan saman med barnehagepersonalets opne opp for å gi barna moglegheit til å gjere kjønn på fleire måtar (Terjesen, 2021, s. 58). Informantane fortel om å tilby alle barna likt leikemateriell, og at dette skal vere tilgjengeleg for alle uavhengig av kjønn.

Til tross for at barnehagen er flinke til å bevare barnas rett til kjønnsmangfold, ser det ut til at rettighetsdiskursen og den biologiske diskursen er til stades samtidig. Den biologiske diskursen kjem fram gjennom materiell og personalets eigen språkbruk, for eksempel "jenteting" (Terjesen, 2021, s. 45). Den kjønnsdefinerte eigenskapen sårbarheit ser ut til å utfordre rettighetsdiskursen som vektlegg å gjere kjønn på fleire måtar (Terjesen, 2021, s. 59)

Informantane meiner den biologiske diskursen ser ut til å rå både i barnehagen og er også til stades i barnas heimar. Den biologiske diskursen til syne ved at mange av intervupersonane ofte bruker omgrep som guteting, jenteting, tradisjonelt og typisk. Eksempel som rår på tradisjonelle aktivitetar for jenter er bordaktivitetar og dukkekrok. For gutter vart bilbanar og sjørøvarleik trekt fram (Terjesen, 2021, s. 43). Det har kome fram fleire eksempel på at foreldresamarbeidet kan vere utfordrande knytt til arbeidet med kjønnsidentitet. Eksempel som har gått att er foreldre som er ukomfortable med at gutter kler seg i det som dei omtalar som jenteting. Den biologiske diskursen kjem til uttrykk ved at kjønnets performative karakter ser ut til å halde fast ved den binære tanken (Terjesen, 2021, s. 58). Foreldres haldningar knytt til gutter og gråting gjer også at den biologiske diskursen kjem til syne (Terjesen, 2021, s. 59).

4.3 Dokument 3: Preschool Work Teams' View of Ways of Working with Gender—Parents' Involvement

Eg analyserte heile dette dokumentet. Foreldresamarbeidet i dette dokumentet blir skildra som svært positivt. I denne studien kjem det fram at informantane opplever svært lite motstand, og mest støtte frå foreldre i sitt arbeid knytt til kjønnsidentitet. Informantane fortel om at foreldra stoler på personalet, og at foreldra og personalet i samarbeid skaper ny kunnskap om kjønn saman (Karlson & Simonsson, 2008, s. 175). Informantane har opplevd at foreldra viser stort engasjement rundt arbeidet med kjønn, og har til og med kome med artiklar knytt til temaet. Foreldra som deltok i den formelle opplæringa, engasjerte også dei andre foreldra. (Karlson & Simonsson, 2008, s. 175). Personalet lykkast med arbeidet sitt på grunn av støtte og engasjement frå foreldra (Karlson & Simonsson, 2008, s. 175).

I denne studien blir det skildra svært lite motstand frå foreldra. Det einaste som blir nemnt, er at nokre av foreldra kom med kommentarar som “*skal du gjere guten min til jente?*” heilt i byrjinga barnehagen begynte å arbeide meir bevisst med kjønn (Karlson & Simonsson, 2008, s. 175).

Funna i studien viser at informantane ser foreldra som ein viktig ressurs, også i arbeidet med kjønnsidentitet. Ein informant fortel at dei er bevisste på å involvere fedrane minst like mykje som mødrene. Målet til barnehagen er å skape nye roller til fedrane, for å skape nye diskursar og forventingar om at både mor og far er like involvert i samarbeidet med barnehagen (Karlson & Simonsson, 2008, s. 174). Informantane fortel om at foreldre har ulik kunnskap og kjennskap om temaet. Personalet såg det som si oppgåve å gi foreldra kunnskap om idear, teoriar og mål innan arbeidet med kjønn. Personalet gav foreldra både formell og uformell opplæring. Den formelle opplæringa vart gjennomført i form av kurs for foreldre og på foreldremøter.

Den uformelle opplæringa skjedde i den daglege kommunikasjonen med foreldra. Erfaringane til informantane om foreldresamarbeid knytt til kjønnsidentitet er god. Informant 1 fortel at dei har hatt positiv respons frå foreldra heilt frå start. Informant 2 fortel at dei har forklart foreldra kva tankar barnehagen har rundt kjønn og korleis dei ønskjer å arbeide med temaet, og har også kome med eksempel frå dette arbeidet. Foreldre har sagt at dei har stolt på barnehagen om dei meiner at måten dei arbeider på er til det beste for barnet. Dei har ikkje opplevd noko form for motstand frå foreldra, som dei har høyrt andre barnehagar har hatt (Karlson & Simonsson, 2008, s. 174).

Studien konkluderer med at foreldra meiner det er viktig at barna har eit kjønnssensitivt miljø (Karlson & Simonsson, 2008, s. 176). Ein informant fortalte om ein forelder som var skamfull og som understreka viktigheita av å reflektere over sine eigne verdiar og haldningar. Eksempel denne forelderden drog fram var å unngå bruk av termer som “*jenterom*” og “*guterom*”, og bevisstheit rundt kva dei kjøper til barna (Karlson & Simonsson, 2008, s. 175).

Personalet har forsøkt å undersøkje om foreldra for eksempel har ei frykt for at barna deira kan bli homofile, men har ikkje funne slike haldingar (Karlson & Simonsson, 2008, s. 176).

Rettigheitsdiskursen blir synleggjort ved at både personalet og foreldra i denne studien er opptekne av å gi barna ei kjønnssensitiv undervisning i barnehagen, og å gi alle barna like rettighetar uavhengig av kjønn. Rettigheitsdiskursen kjem også fram gjennom ønsket om å bryte med tradisjonelle kjønnsroller, og lære barna om like rettar og forventingar gjennom foreldra som rollemodellar. Ved at personalet bidrog til at mødre og fedre vart meir likestilte partar blant anna i foreldreskapet, vil foreldra bli gode rollemodellar for barnas utvikling. (Karlson & Simonsson, 2008, s. 175-177). Den biologiske diskursen kjem ikkje særleg fram i denne studien, anna enn eksempelet på motstanden frå foreldre heilt i starten. Den kom også fram når ein forelder snakka om å ta seg sjølv i kva ein kjøpte til barna, og å dele eksempelvis rom inn i "jenterom" og "guterom" (Karlson & Simonsson, 2008, s. 175).

4.4 Oppsummering av funn

Her vil eg kort oppsummere funna med utgangspunkt i dei relevante punkta frå tabellen eg brukte i mi dokumentanalyse. Her går eg inn på emna barnehagens arbeid med kjønnsidentitet, kjønnsdiskursar, motstand, støtte og korleis personalet blir påverka av foreldra.

Barnehagens arbeid med kjønnsidentitet blir skildra på ganske ulike måtar i dei tre dokumenta. I dokument 1 blir inkludering av foreldre vektlagt (Lund, 2021). I dokument 2 fortel informantane om eit ønske om å gå bort frå tradisjonelle kjønnsroller og trekker fram politiske føringar, kjønnsmangfald som rettighet blir altså vektlagt. Informantane understrekar kor viktig foreldresamarbeidet er, og er opptekne av å ha ein open dialog med foreldra om korleis dei arbeider med kjønn i barnehagen (Terjesen, 2021). Dokument 3 skil seg ut ved at dei ser på foreldre som ein stor ressurs, og fortel at personalet og foreldra saman skapar ny kunnskap om kjønn (Karlson & Simonsson, 2008).

I dei to andre dokumenta blir det skildra at personalet skal lære foreldra noko, ikkje at dei kan danne kunnskap saman. Personalet i dokument 3 gir også foreldra kunnskap og informasjon både gjennom uformell og formell opplæring, men informantane fortel som nemnt tidlegare i tillegg om at dei også har noko å lære frå foreldra. Personalet i dokument 3 arbeider bevisst mot å inkludere fedrane like mykje, med mål om å jamne ut tradisjonelle kjønnsroller (Karlson & Simonsson, 2008).

I alle dokumenta kjem rettigheitsdiskursen og den biologiske diskursen fram med tanke på foreldras haldningars rundt kjønn og kjønnsidentitet. I dokument 1 kjem den biologiske diskursen fram blant foreldra gjennom religiøse overtydingar, konservative syn, skam og tabu (Lund, 2021). I dokument 2 held foreldra fast ved den binære tanken og brukar omgrep som “*jenteting*” og “*guteting*” (Terjesen, 2021). I dokument 3 kjem den biologiske diskursen til syne gjennom ein kommentar frå ein forelder, “*har du tenkt til å gjere guten min til jente?*” Det blir også fortalt at leikemateriell og klede har vorte delt inn i kjønnsnormative kategoriar. Elles er rettigheitsdiskursen den rådande diskursen som kjem fram i intervjeta i dokument 3. Informantane fortel at både personalet og foreldra er opptekne av å gi barna ei kjønnssensitiv undervisning i barnehagen. Det blir også fortalt om eit ønskje om å bryte med tradisjonelle kjønnsroller, og lære barna om like rettar og forventingar gjennom foreldra som rollemodellar (Karlson & Simonsson, 2008). Rettigheitsdiskursen i dokument 1 kjem til syne i styringsdokument og teorien som er nemnt, og blant haldningane til personalet (Lund, 2021). I dokument 2 blir kjønnsmangfald som rettigheit veklagt. Personalet gjer ulike tiltak i barnehagen for å gi barna moglegheita til å gjere kjønn på fleire måtar (Terjesen, 2021).

Det blir skildra mykje motstand til barnehagens arbeid frå foreldra særleg i dokument 1. Informantane fortel at mange foreldre yter motstand på grunn av at dei oppfattar tema rundt kjønn og seksualitet som flaut og uakseptabelt. I intervjeta blir det fortalt at dei synast at det er vanskeleg å forsvare arbeidet ovanfor foreldre med annan kultur og anna morsmål. Informantane fortel at dei meiner det blir vanskeleg å forsvare arbeidet ovanfor foreldra grunna mangel på kunnskap og informasjon (Lund, 2021). I dokument 2 blir det lagt fram at vaksne sine haldningars kan overførast til barna, barn lærer fordommar frå foreldre.

Foreldresamarbeidet blir også skildra som utfordrande med nokre foreldre. Ein informant poengterer at makta frå den kommersielle marknaden også kan påverke foreldre til å sjå ei verd i rosa og blått (Terjesen, 2021). I dokument 3 vart det ikkje fortalt om meir motstand enn det eg allereie har gjort greie for i førre avsnitt (Karlson & Simonsson, 2008).

I desse tre dokumenta er det eit stort sprik i kor mykje støtte informantane skildrar frå foreldre i forbindelse med arbeidet med kjønn og kjønnsidentitet. I dokument 1 det lite støtte som blir skildra frå foreldra. Det blir fortalt at personalet får auka bevisstheit rundt tema ved å sjå sterke kjønnsroller blant foreldra (Lund, 2021). I dokument 2 blir den nye foreldregenerasjonen skildra som meir tolerante og tålmodige. I dette dokumentet verdset personalet foreldra i likestillingsarbeidet (Terjesen, 2021). I dokument 3 blir det skildra minst motstand og mest støtte frå foreldra. Dei løfter fram foreldre som ei stor støtte, og ein stor ressurs. Det blir skildra eit stort engasjement blant foreldra, og dei viste stor tillit til personalet. Foreldra som deltok på den formelle opplæringa arrangert av barnehagen, engasjerte dei andre foreldra.

Informantane drog også fram at foreldra vart gode rollemodellar for barna ved å bli meir likestilte (Karlson & Simonsson, 2008). Funna i dokumenta er også svært ulike når det kjem til korleis personalet blir påverka av foreldra sine haldningar. I dokument 1 er informantane slitne av å forsvare arbeidet rundt kjønnsidentitet. Dei opplev det som vanskeleg å forholde seg til foreldra, og frykter å støte dei med sitt arbeid med kjønn og kjønnsidentitet (Lund, 2021). I dokument 2 meiner informantane at det er viktig å fortelje foreldra kva som arbeidast med, dette grunngjev dei med at foreldra har størst påverknadskraft. Personalet ønskjer ein åpen dialog med foreldra, og arbeider mot å trygge foreldra i at det er greit å bryte med kjønnsnormer. Informantane skildrar si rolle som å berolige og reflektere saman med foreldra (Terjesen, 2021). I dokument 3 skin det gjennom eit svært positivt syn på foreldresamarbeidet blant informantane. Dei fortel at personalet lykkast med arbeidet sitt takket vere støtte og engasjement frå foreldra (Karlson & Simonsson, 2008).

5. Drøfting

Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget og funna frå dokumentanalysa, vil eg drøfte rundt relevante punkt utifrå problemstillinga mi: *Korleis kan foreldres haldningar påverke barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet?*

5.1 Betydninga av eit godt foreldresamarbeid

Det mest framtredande funnet frå analysa, var kor ulike syn personalet i dei tre studiane hadde på foreldresamarbeid og kor ulike resultat dei fekk av arbeidet rundt kjønnsidentitet. Eg syntest at det var svært interessant å sjå kor mykje perspektivet til barnehagepersonalet kan sjå ut til å ha å si for resultata som kan bli oppnådd i barnehagens arbeid. Dette kan være eit argument for kvifor det er så viktig å arbeide med haldningar og auke kunnskapen og bevissttheita til personalet. Det viser også at det er mogleg å auke kvaliteten av barnehagens arbeid ved hjelp av gjennomførbare kunnskapshevande tiltak.

Samstundes kom det fram meir skeptiske haldningar blant nokre av informantane vedrørande foreldresamarbeid, og korleis dette kan styre barnehagens arbeid med kjønnsidentitet i ei negativ retning. For barna er det kjempeviktig å få moglegheit til å finne sin kjønnsidentitet, og føle seg komfortable i eiga kropp. Det fastslåast at 15-20% av barn i alderen 3-17 år har betydelege psykiske plager, og 8% av dei blir definert som psykiske lidingar (Helsedirektoratet, 2017. I Lund, 2021, s. 59). Ved å arbeide for at barna skal føle at dei kan gjere kjønn på den måten dei sjølv ønskjer, er barnehagen med på å styrke barnas resiliens.

Vegen mot eit godt foreldresamarbeid kan vere lang og tidvis vanskeleg, men det kan utgjere ein stor forskjell for kvart enkelt barn. I kunnskapsgrunnlaget mitt skreiv eg om studien til Eeva Huttunen (1988). I denne studien kom det fram at foreldra vart meir bevisste og engasjerte ved å føle seg inkludert av barnehagepersonalet gjennom samtaler. Dette underbyggjer mine funn og refleksjonar rundt mi dokumentanalyse.

Ein ser tydeleg at informantane i dokument 3 har oppnådd mykje betre resultat av sitt arbeid rundt kjønnsidentitet enn det informantane i dei to andre studiane skildrar. I studien frå dokument 3 ser ein tydeleg samanheng mellom eit godt foreldresamarbeid, og gode resultat med barnehagens arbeid rundt kjønnsidentitet. Foreldra i denne studien vart også skildra som meir åpne og engasjerte. I denne studien fortalte informantane at personalet og foreldra skapte ny kunnskap om kjønn saman (Karlson & Simonsson, 2008).

Ein ser tilsvarende mindre positive haldningar, og dermed resultat i dei to andre studiane. Her kjem den gjensidige påverknadsprosessen mellom barn, barnehage og foreldre tydeleg fram, som kan forklarast både gjennom transaksjonsmodellen (Flaten, 2018, s. 49), og Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell (Bronfenbrenner, 1979). Denne påverknadsprosessen gjer det enda klarare kor utslagsgjevande det kan vere å vite korleis ein kan opprette god kontakt og samarbeid med foreldra. Om ein oppnår eit godt foreldresamarbeid, vil da barnehagen og foreldra saman kunne påverke barnet i ei positiv retning. Dette er mi tolking av modellen sett i ein forebyggande/risikofaktorreduserande samanheng. Det er altså viktig at barnehagen og foreldra jobbar saman mot eit felles mål, barnets beste (Bø, 2011, s. 46).

5.2 Personalets tilnærmingar i foreldresamarbeidet

Fleire av informantane fortalte om ei frykt om å støte foreldra med kjønnsarbeid i barnehagen. Dette er ei reell frykt da blant anna McGinn (et al., 2016) slår fast i sin studie at foreldre vil bevare barnets uskyld lengst mogleg. Foreldre kan sjå barns utforsking av kjønn og kjønnsidentitet i vaksen kontekst og dermed sjå det som seksuelt lada. Dermed kan foreldre sjå barnehagens arbeid med kjønnsidentitet som ein trussel mot barns uskyld. Informantane både i dokument 1 og dokument 2 fortalte om at denne frykta heldt dei attende i arbeidet med kjønnsidentitet.

Noko eg ønskjer å løfte fram er kvifor informantane i den svenske studien hadde så mykje meir positive skildringar av foreldresamarbeidet, enn informantane i dei to norske studiane.

Såg dei foreldra i eit ressursperspektiv, som dermed førte til så positive foreldre? Eller var foreldra i utgangspunktet positive og engasjerte i forhold til arbeid med barn og kjønn? Dette er ikkje lett å gi eit svar på, men det er noko ein kan undrast over.

Slik informantane skildrar foreldresamarbeidet, kan det verke som at personalet i dokument 1 og dokument 2 ser foreldra tidvis i eit mangelperspektiv. Om dette har skjedd over tid og i møte med mykje motstand eller om dette perspektivet alltid har vore til stades er nok ikkje godt å seie. Situasjonen hadde moglegvis vore ein anna om personalet hadde sett foreldra i større grad gjennom eit ressursperspektiv. Situasjonen kunne også vore lettare om foreldra hadde hatt eit anna syn på barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet. Rammeplanen seier at barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra, og at personalet har ansvar for å samarbeide med alle foreldre på ein slik måte at de opplever seg sett, høyrt og inkludert (Udir, 2022).

5.3 Diskursar på kollisjonskurs?

Informantane har uttrykt at det sjåast haldningar blant foreldra knytt til gutter og gråting, og det å vise sårbarheit. Spesielt heteroseksuelle fedrar pleier å reagere når gutter bryt med kjønnsnormar (Connell, 1995. I Karlson & Simonsson, 2008, s. 176). Her kjem den biologiske diskursen til syne. Informantane skildrar tendensar til haldningar hjå foreldra som ber preg av mindre åpenheit rundt det å uttrykkje kjensler blant gutter enn blant jenter. Det kan altså sjå ut som at dei historiske produserte diskursane fortsatt er til stades. Sårbarheit er altså ein kjønnsdefinert eigenskap som ser ut til å utfordre rettighetsdiskursen, som vektlegg å utøve kjønn på fleire måtar. Sjølv om pedagogane ser tendensar til dette, kjem det fram at dette har endra seg i løpet av åra. Det kan altså sjå ut som at haldningane har flytta seg meir bort frå den biologiske diskursen, og heller meir mot rettighetsdiskursen. I intervjuet kjem det fram at dei vaksne sine haldningar kan bli overført til barna. På bakgrunn av dette kan kjønn bli til ei handling gjennom at foreldra vidarefører det som allereie er sosialt etablert i samfunnet. Foreldre gjer kjønnsarbeid frå barnet deira er født, til og med før dette. Måten foreldre arbeider med kjønn på er ofte basert på tradisjonelle diskursar (Kane, 2006. I Karlson & Simonsson, 2008, s. 175).

Barnehagen spelar ei viktig rolle i å vere med å forme samfunnets kjønnsdiskursar. Barnehagepersonalet har moglegheita til å lære både barn og foreldre om mangfald, og endre kva syn og forventningar vi har knytt til kjønn. Med utgangspunkt i Bronfenbrenner (1979) sin utviklingsøkologiske modell, kjem det tydeleg fram korleis dei ulike arenaene i eit barns mikrosystem gjensidig påverkar kvarandre. Både barnehagen og foreldra finnast barnets mikrosystem, og her kan gjerne barnet møte svært ulike diskursar. Eit godt samarbeid mellom foreldre og barnehagen vil kunne utjamne forskjellane, og kanskje til og med skape ein heilt ny diskurs saman? Det kan sjå ut til at det kan vere dette som har skjedd i studien i dokument 3. Informantane i denne studien uttrykkjer at personalet og foreldra skaper kunnskap saman (Karlson & Simonsson, 2008).

Foreldra sine reservasjonar til arbeid rundt kjønn og kjønnsidentitet, kan i stor grad knytast til ei frykt med at barnet skal bryte med dei rådande diskursane i samfunnet. Dette kjem blant anna fram i dokument 2 der informantane fortel om foreldre som fryktar mobbing eller andre reaksjonar om barnet deira bryt med kjønnsnormene som finnast i dag. Dei rådande diskursane i dagens samfunn held fortsatt i stor grad fast ved den binære tanken. Det er viktig å fokusere på det enkelte individet i systemet, og på samspelet mellom individ og system på ulike nivå. Diverre kan det bli fokusert på korleis individet kan tilpasse seg systemet (Pedersen, 2015, s. 38). I ein slik samanheng blir individ ofte vurdert utifrå kva samfunnets diskursar vil anse som “normalt”. Normalitet er eit vidt omgrep. Morken (2012) skil mellom to normalitetsomgrep: Det som er, og det som bør vere. Ut frå det første normalitetsomgrepet vurderast ein mot det som framstår som vanlegast. Ut frå det andre vurderast ein mot moralske førestillingar om korleis vi bør vere.

Når det gjeld kjønnsidentitet fortel kulturen i dag korleis ein skal vere. Feminint er svakt og maskulint er sterkt. Innan ulike kulturar og religionar kan det finnast diskursar som undertrykkjer og ekskluderar dei som er anngleis (Bang, 2011. I Lund, 2021, s. 60). Ein må da spørje seg om det fins ei moralsk norm om likskap. Skal det vere eit ideal å vere som alle andre?

Samfunnet går moglegvis i ei farleg retning om idealet er å vere lik alle andre. I staden for å vurdere barn utifrå det «normale» bør kanskje ikkje barn bli målt opp mot andre enn seg sjølv og den dei ønskjer å vere. Å heie fram mangfald og individualitet vil vere eit viktig arbeid i barnehagen, om kjønnsdiskursane i dagens samfunn skal bli meir inkluderande og mangfaldige.

Foreldras forventningar kan saman med barnehagepersonalets åpne opp for å gi barna moglegheiter til å utøve kjønn på fleire måtar. Forventingane til foreldra og barnehagepersonalet kan saman bidra til ei form for styring knytt til korleis barna opplever kjønn. Som nemnt tidlegare, har personalet ei moglegheit til å skape ein ny diskurs i samarbeid med foreldra. Gjennom eit godt foreldresamarbeid kan personalet og foreldra saman skape ei positiv og mest mogleg samsvar i påverknad og forventingar ovanfor det enkelte barnet. Ved å skape samsvar mellom diskursane barna møter i barnehagen og i heimen, vil det skape tryggare rammer i identitetsutviklinga.

Dei diskursive praksisane blant dei vaksne har ei makt knytt til korleis barn opplever kjønn. Det ser difor ut som at dei diskursive praksisane til dei vaksne har makt i samband med konstruksjonen av barns opplevingar og handlingar. Tilliten foreldra har til dei som arbeider i barnehagen er viktig for å kunne la rettighetsdiskursen kome til uttrykk (Emilsen, Friis & Hornslien, 2015).

5.4 Foreldra sine haldningar som fremjande eller hemmande for barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet

Ein ser altså at foreldresamarbeid kan verke både fremjande og hemmande på barnehagens arbeid, men at personalet sjølve nok spel ei stor rolle i om foreldresamarbeidet verker fremjande eller hemmande på barnehagen sitt arbeid. Ein viktig føresetnad for eit godt foreldresamarbeid er at personalet viser i praksis at dei ser foreldra som ein ressurs og at deira bidrag er viktig for at barna skal trivast (Udir, 2022).

Mangel på kunnskap vart trekt fram i stor grad i både dokument 1 og 2, det var også dei som møtte størst utfordringar i foreldresamarbeidet. Informantane i dei to studiane fortalte sjølve om at mangel på kunnskap skapte usikkerheit rundt korleis dei skulle forholde seg til foreldra. I dokument 3 kom det fram mykje kunnskap blant personalet, som gjorde dei sikre både i foreldresamarbeidet, men også kunnskapen og informasjonen dei formidla til foreldra. Det er viktig for foreldre at personalet opptrer som til stades og trygge (Udir, 2022).

Ein såg også klar samanheng mellom perspektivet til personalet og utfallet av foreldresamarbeidet. Barnehagen i den svenske studien anvendte i stor grad eit ressursperspektiv i møte med foreldra. I dei to norske studiane kan ein, slik eg les dokumentet, finne spor av eit mangelperspektiv når det gjeld foreldresamarbeidet knytt til temaet kjønnsidentitet.

6. Oppsummering og konklusjon

I denne oppgåva har eg nytta tre dokument som eg har analysert, sett på funn og drøfta for å gi svar på mi problemstilling: *Korleis kan foreldres haldningar påverke barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet?* I dette kapittelet vil eg presentere svar på problemstillinga og kome med ein konklusjon.

Som det har kome fram både i analysa og funna av dokumenta, blir barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet påverka av foreldres haldningar i stor grad. Det er derimot svært varierande om denne påverkinga har ei positiv eller negativ effekt på barnehagen sitt arbeid. Utfallet blir blant anna farga av kunnskapen om, og synet på foreldresamarbeid til personalet. Andre påverkande faktorar eg har funne er rådande diskursar, kultur og religion. Når kunnskapen er på plass, og personalet ser foreldra i eit ressursperspektiv, skapar foreldra og personalet ny kunnskap om kjønn saman (Karlson & Simonsson, 2008). Om personalet manglar kunnskap og/eller ser foreldra i eit mangelperspektiv, kan foreldra fort påverke barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet i ei negativ retning. I slike tilfelle fortalte informantane om at dei følte seg usikre i korleis dei skulle forsvare arbeidet, følte ei frykt for å støte foreldra, og at nokre var slitne av å forsvare arbeidet. Korleis barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet blir påverka av foreldras haldningar varier altså i stor grad. Det ein kan slå fast er at personalet må gjere kunnskapshevande tiltak for å forsvare arbeidet til foreldre med eit kritisk blikk på arbeidet. Kunnskapsheving blir også viktig for å snu personalets eigne haldningar til foreldresamarbeidet, og å sjå foreldra i eit ressursperspektiv. Foreldre som ser på barnehagen sitt arbeid med eit positivt blikk, bidreg med kunnskap, engasjement og styrker barnehagen sitt arbeid med kjønnsidentitet.

Litteraturliste

Almås, E., & Benestad, E. (2017). *Sexologi i praksis*. Universitetsforlaget

Barnehageloven (2005). *Lov om barnehager*. (LOV-2005-06-17-64). Lovdata.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Barneloven (1981). *Lov om barn og foreldre*. (LOV-1981-04-08-7). Lovdata.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7>

Barron, C. & Capous-Desyllas, M. (2017). *Transgressing the Gender Norms in Childhood: Understanding Transgender Children and Their Families*. Journal of GLBT Family Studies.

<https://www.tandfonline.com/doi/ref/10.1080/1550428X.2016.1273155?scroll=top>

Befring, E. (2014). *Den forløsende pedagogikken: Læringsvilkår som gjør gode skoler gode*. Gyldendal Akademisk.

